

Oversyn søknader. Interkommunale bibliotekprosjekt 2019

	Søkjar	Namn på tiltaket	Om tiltaket	Totale utgifter	Omsøkt	Tilråding	Grunngeving
1	Biblioteka i Nordhordland	Personalløft Nordhordland	Åtte bibliotek i Nordhordland har lenge samarbeidd om presentasjon av årets barne- og voksenbøker for kvarandre to gonger i året. Dei ønskjer å betre kvaliteten på presentasjonane gjennom å ta i bruk lesarsørvis- verktøy. Eit seminar over to dagar vil gje den naudsynte roen rundt innlæringa og bidra til å utvikle biblioteksamarbeidet i regionen.	71 880	50 000	40 000	Tiltaket vil styrke samarbeidet i heile regionen i ein periode der tre kommunar i samarbeidet skal slåast saman. Det vil auke formidlingskompetansen hjå dei bibliotektilsette og føre til betre formidling.
2	Sunnhordlandsbiblioteka	Sunnhordlands-samarbeidet	Dei 8 folkebiblioteka i Sunnhordland har eit etablert samarbeid som dei ynskjer å utvikle vidare. Dei søker om støtte til frikjøp av koordinator for samarbeidet. Koordinatoren skal arbeide for utvikling, erfaringsutveksling og samarbeid mellom biblioteka, i tillegg til å vere bindeleddet mellom fylkesbiblioteket og samarbeidet. Dei ynskjer å sjå på moglegheitene for å utvide og spesialisere ulike faglege nettverk, som t.d. eit barnebiblioteknettverk og eit teknisk nettverk, og vidareutvikle møte på tvers av biblioteka. Reiseutgifter og kost vil bli dekkja av dei einskilde biblioteka.	60 000	50 000	50 000	Midlane skal nyttast til frikjøp av koordinator som skal arbeide med å styrke og utvikle samarbeidet i ein godt etablert samarbeidsregion.
3	Hardangerbiblioteka og Voss bibliotek	Nynorsk barnebokveke	Åtte bibliotek søker med mål om: 1) intensivere det regionale samarbeidet, 2) auka fokuset på nynorske barnebøker, 3) stimulere til meir lesing av nynorske barnebøker. Det skal arrangerast nynorskdag på kvart bibliotek, forfattarbesøk, høgtlesing, eventyr-/forteljarstund, quiz, utstillingar, mm. Av praktiske og ressursmessige årsaker vert det litt ulikt innhald på biblioteka. Det vert fokus på både biletbøker og sakprosa for born. Samarbeid med skulane og mållaga i dei kommunane som har lokallag.	50 000	50 000	50 000	Tiltaket vil styrkje samarbeidet i heile regionen i ein periode der tre kommunar skal slåast saman. Det er knytt til formidling og arrangement i biblioteka.
4	Vaksdal, Os, Samnanger og Fusa	Forfattarturnear	Bjørnafjordsamarbeidet (biblioteka i Vaksdal, Samnanger, Fusa og Os) ynskjer å få til to	60 000	50 000	25 000	Tiltaket vil styrkje samarbeidet i heile regionen i ein periode der to kommunar skal slå seg saman.

			forfattarturnear i 2019. Ein turné med Edvard Hoem og hans ferske slektsromanar, og ein med forfattaren Simon Stranger. Samarbeidet har vore prega av mykje utskiftingar av leiarar dei siste åra. Å få til forfattarturnear med Hoem og Stanger vil styrke samarbeidet, og det vil gi fine markeringar av Bokåret 2019 i dei fire kommunane.				Biblioteka har ikkje fått tilbod om desse forfattarane gjennom fylkeskommunen sitt tilbod i Bokåret 2019. Løyvinga er ikkje knytt til desse to forfattarane, men må nyttast for å markere Bokåret 2019.
5	Stord folkebibliotek	Turne for Åsmund Eikenes	Søknad om midler for å vere koordinator for ein turné for biolog og forfattar Åsmund Eikenes i Bokåret 2019. Han skal halde foredraget "SPRUT – historia om kroppsvæskene våre" på 5-6 ulike folkebibliotek i Hordaland fylke. Målet er å koordinere turneen i samarbeid med andre folkebibliotek. Det søkjast om midlar til frikjøp av tilsett ved Stord folkebibliotek for å koordinere arbeidet.	15 000	15 000	Avslag	Tiltaket det blir søkt om midlar til er omfatta av fylkeskommunen sitt tilbod i Bokåret 2019.
6	Hardangerbiblioteka	Hardangerbiblioteka og Voss – NY GIV	Hardangerbiblioteka og Voss vil etablere ein ny prosjektleiar som skal driva samarbeidet framover. Dessutan vil dei sikra deltaking på fysiske nettverksmøter ved å kunne refundere eventuelle vikarkostnader.	50 000	50 000	Avslag	Søkjaren har fått melding om at det ikkje er midlar til å støtte meir enn eit av prosjekta i regionen. Hardangerbiblioteka har prioritert søknadene om nynorsk barnebokveke.
7	Fjell folkeboksamling, Sund folkebibliotek og Øygarden bibliotek	Ny kommune – ny formidling	I prosessen fram mot ny kommune ønskjer biblioteka i Fjell, Sund og Øygarden å dela og læra av kvarandre og utvikle personalgruppa til eit samansveisa team. Målet er å få til eit betre bibliotektilbod i den nye kommunen. Vi planlegg eit todagars seminar med faglege foredrag og teamarbeid som skal leia til at heile personalgruppa kjenner seg tryggare og betre førebudd til formidlingsoppgåver i biblioteka både fysisk og på nett. Vi ser for oss halvdags-kurs i praktisk formidling med profesjonell formidlar/skodespelar. Resultatet av kurset skal bli eit arrangement i alle dei tre kommunane etter modell av Bokgildet. Andre programposter blir tekniske hjelpemiddel i formidlingsarbeidet, organisasjonsutvikling og eit bibliotekbesøk.	58 000	50 000	35 000	Tiltaket vil styrke biblioteka som skal slåast saman i 2020. Det vil auke arrangements- og formidlingskompetansen hjå dei bibliotektilsette og føre til betre formidling.. Opplæringa skal føre til eit arrangement med presentsjon av bøker i alle biblioteka.